



Skatteetaten

LANDBRUKSTENESTER SOGN

Postboks 157
6866 GAUPNE

Skatteetaten innfører nye rutinar for ID-kontroll av utanlandske borgarar

Frå 1. februar 2012 blir det utført ID-kontroll, mottak av innflyttingsmeldingar og søknad om skattekort ved utvalde skattekontor. Formålet med den nye organiseringa er å auke tryggleiken, slik at talet på falske identitetar blir redusert.

Utanlandske arbeidstakarar som kjem til Noreg, må møte opp på skattekontoret for å få skattekort. Skal dei opphalde seg her i meir enn seks månader, må dei også melde innflytting.

Alle som skal melde innflytting og alle som skal ha skattekort må møte personleg på eitt av fylgjande kontor:

- **Skatt øst:** Oslo, Sandvika, Lillestrøm, Gjøvik, Fredrikstad, Hamar og Tynset
- **Skatt sør:** Drammen, Kristiansand, Skien, Tønsberg, Gol, Lyngdal og Arendal
- **Skatt vest:** Førde, Sogndal, Bergen, Haugesund, Egersund, Stavanger, Nordfjordeid og Odda
- **Skatt Midt-Norge:** Trondheim, Ålesund, Kristiansund, Namsos, Steinkjer, Molde og Hitra
- **Skatt nord:** Kirkenes, Hammerfest, Alta, Tromsø, Harstad, Bodø, Mo i Rana, Brønnøysund, Svolvær, Vadsø, Sortland og Narvik

Dokumentasjon som må takast med ved søknad om skattekort:

Nordiske borgarar

- Pass
 - eller gyldig førarkort saman med utskrift frå folkeregisteret i heimlandet. Utskrifta må ikkje vere eldre enn tre månader.
- Arbeidskontrakt, skriftleg arbeidstilbod eller dokumentasjon på norskregistrert næringsverksemd bør takast med

EØS-borgarar

- Pass eller godkjent ID-kort
- Arbeidskontrakt, skriftleg arbeidstilbod eller dokumentasjon på norskregistrert næringsverksemd bør takast med

- Registeringsbevis frå politiet viss du ynskjer å opphalde deg i Noreg i meir enn 3 månader (sjå www.udi.no)

Arbeidsgjevarar har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle tilsette har rett til å arbeide i Noreg. Eventuelle spørsmål må takast opp med utlendingsstyresmaktene.

Borgarar utanfor EØS

- Pass
- Arbeidskontrakt, skriftleg arbeidstilbod eller dokumentasjon på norskregistrert næringsverksemd bør takast med
- Opphaldsløyve

Arbeidsgjevarar har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle tilsette har rett til å arbeide i Noreg. Eventuelle spørsmål må takast opp med utlendingsstyresmaktene.

Dokumentasjon som må takast med ved melding om innflytting (ved opphald over seks månader):

- Pass
 - eller annan godkjend ID for nordiske- eller EØS-borgarar
- Dokumentert opphaldsgrunnlag, som til dømes
 - Opphaldsløyve for seks månader eller meir
 - Registreringsbevis for EØS-borgarar
- Dokumentert opphaldstid som til dømes
 - arbeidskontrakt/skriftleg arbeidstilbod på meir enn seks månader (ved oppdrag for bemanningsføretak må du også ha stadfesting på oppdrag som varer 6 månader eller meir)
 - kontrakt på leige/kjøp av bustad
- Flytting med barn under 18 år
 - For nordiske borgarar med barn under 18 år: Dersom ikkje begge foreldre har signert innflyttingsmeldinga, må ein ta med samtykkeerklæring frå forelder som ikkje møter, eller dokumentasjon frå heimlandet som viser foreldreansvar.
 - Ved enkelte tilfelle må godkjend vigsels/fødselsattest takast med.

Meir informasjon:

www.skatteetaten.no , www.taxnorway.no , www.sua.no , www.udi.no

Epost: IDSKV@skatteetaten.no

Bergen, 17.01.2012

Marta Johanne Gjengedal (sign.)